

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 05.02.2007
Sakshandsamar: Terje Arne Krokvik
Saka gjeld: **Investeringar – styring, prioritering og fastsetting av investeringsramme og lånebehov for 2007**

Styresak 006/07 B

Styremøte 14.02. 2007

Bakgrunn:

1. Bakgrunn

Styret i Helse Vest fekk i møte den 6. september 2006 under sak 076/06 O framlagt samla oversikt over alle investeringsprosjekt i Helse Vest. I denne saka blei det gitt ei førebels oversikt over:

- Det finansielle grunnlaget Helse Vest har for å gjennomføre investeringar
- Investeringsplanar som er meldt inn frå helseføretaka
- Investeringane sin innverknad på resultatet

Styret fatta følgjande vedtak:

1. *Styret tar saka til førebels orientering*
2. *Helse Vest må saman med helseføretaka foreta ei heilskafeleg gjennomgang av investeringsplanane og sørge for at desse blir tilpassa den finansielle og driftsøkonomiske ramma som føretaksgruppa har.*

Det er i St.prp. nr 1 for 2006 varsle sterke nasjonal styring av investeringsområdet. Som oppfølging av vedtak i føretaksmøtet i januar 2006 blei det gjennomført eit møte med HOD i november for gjennomgang av etablert styrings- og kvalitetssikringsopplegg for investeringsområdet.

Vi har sett på ulike modellar for styring og prioritering av investeringar i høve til både den finansielle og økonomiske ramme. Det er fleire store og mindre byggeprosjekt som helseføretaka ønskjer å gjennomføra dei komande åra. Helseføretaka har også meldt in eit aukande investeringsbehov innafor medisinteknisk utstyr (MTU). Sjølv om sistnemnde er ein mindre del av investeringsbeløpa vil MTU på grunn av kortare avskrivningstid likevel gi ein forholdsmessig større resultatutfordring enn bygg. Det er derfor behov for ei sterke regional styring og prioritering når det gjeld utstyrssanskaffingar

I AD'møte den 8. januar 2007 blei styring og prioritering av investeringar drøfta, og då med særleg vekt på MTU anskaffingar. Helseføretaka er samd i at det er nødvendig med sterke styring og prioritering.

Denne saka vil gje styret ei tilråding på korleis Helse Vest RHF kan legge sterke føring på omfang og prioritering av investeringar i helseføretaka for å sikra at føretaksgruppa samla sett tilpassar seg den finansielle og driftsøkonomiske ramma som blir stilt frå eigar.

Kommentarar:

2 Finansielt grunnlag

Det finansielle grunnlaget for investeringar består av avskrivingstilskot som er innarbeida i basisramma frå staten. I tillegg er det etablert ei lånoramme kor RHF'a gjennom årleg statsbudsjett blir tildelt ei lånoramme til investeringar. Det finansielle grunnlaget fram til og med 2006 har vore som følgjer:

	2002	2003	2004	2005	2006
Avskrivingstilskudd - basisramme	381 545	643 821	621 200	641 088	659 872
Lånoramme til investeringar	184 000	282 000	200 000	450 000	550 000
Sum finansielt grunnlag	565 545	925 821	821 200	1 091 088	1 209 872

Investeringane i helseføretaka har utvikla seg som følgjer i tilsvarende periode:

Tall i hele tusen	2002	2003	2004	2005	Estimat 2006
Bygg	173 641	355 910	548 787	483 080	567 801
MTU	151 688	196 309	220 328	190 984	216 754
IKT	39 677	58 927	31 420	60 822	67 820
Annet	29 776	132 506	97 189	87 810	51 465
SUM	394 782	743 651	897 725	822 696	903 839

Dei årlege investeringsbeløpa avvik frå den finansielle ramma som følgje av at framdrifta og ferdigstilling investeringsprosjekta ikkje nødvendigvis er samanfallande med kapitaltilskot kvart år.


Lånoramma for 2007 er (blir) fastsett i føretaksmøtet den 13. februar 2007. I møte med HOD i november 2006 blei det signalisert at dei store byggeprosjekta i Helse Øst og Helse Midt framleis vil ta ein stor del av lånoramma dei komande åra. Det er derfor ingen grunn til å anta at lånoramma vil auke dei komande åra.

Fram mot år 2010 vil kapitaltilskot frå staten til RHF'a auke med totalt kr 1 mrd. Viss ein legg til grunn at Helse Vest får "sin del" vil dette utgjere om lag kr 200 mill. Opptrappinga vil skje gradvis frå og med 2008. Dette vil styrke den finansielle gjennomføringsevna til Helse Vest. Auken i kapitaltilskotet vil likevel ikkje gje nokon lette i den driftsøkonomiske utfordringa då resultatkravet frå eigar vil bli ytterlegare skjerpa.

Dersom ein føreset at lånennivået i 2007 blir tilnærma det same i dei påfølgjande åra vil Helse Vest finansielt sett kunne gjennomføre investeringar på rett i underkant av kr 1,2 mrd i 2007 stigande opp mot kr 1,4 mrd i 2010. Det er då gjort følgjande føresetnad om implementering av auka kapitaltilskot:

	2007	2008	2009	2010
Avskrivingstilskudd - basisramme	684 947	684 947	684 947	684 947
Auka kapitaltilskudd		66 667	133 333	200 000
Lånoramme til investeringar	500 000	500 000	500 000	500 000
Sum finansielt grunnlag	1 184 947	1 251 614	1 318 281	1 384 947


Innrapporterte investeringsønskje frå helseføretaka ligg vesentleg høgare enn det finansielle grunnlaget tilseier. Legg ein føresetnaden i tabellen ovanfor til grunn kan den finansielle utfordringa oppsummerast i følgjande graf:



(Tala er basert på innrapportert investeringsbehov pr. 15/8-2006)

Ein årsak til det relativt høge investeringsbehovet er at det er planlagt gjennomført fleire større byggeprosjekt i dei komande åra. Det er og meldt inn eit høgare investeringsbehov i MTU.

Investeringar innafor IKT er i tabellen over satt til kr 80 mill. Dette er ei vidareføring av budsjettet for 2007. I grafen under viser innmeldt investeringsbehov frå HF'a fordelt pr. hovudkategori:



(Tala er basert på innrapportert investeringsbehov pr. 15/8-2006)

I tillegg til investeringsplanane i helseføretaka har dei private ideelle meldt inn fleire investeringsprosjekt. Desse er nærmere omtalt i sak 076/06 O. Det samla omfanget av alle desse prosjekta er førebels uklart. Samtidig er nokre av desse relativt store og det er derfor sannsynleg at alle desse investeringsønskja frå dei private ideelle vil utgjere bort i mot kr 1 mrd. Helse Vest har verken finansiell eller driftsmessig grunnlag for å gjennomføre alle investeringsønskja. Det er heilt nødvendig å gjere ei grundig analyse av kapasitetsbehovet og ut frå dette gjere ei prioritering på kva investeringsprosjekt som er nødvendig å gjennomføre.


3 Investeringar påverkar resultatet

I tillegg til den finansielle utfordringa som er knytt til gjennomføring av investeringsplanane, vil det også skapast ei ytterlegare resultatutfordring som følge av at investeringane og gir høgare avskrivningar og høgare renteutgift.

Det er god grunn til å anta at investeringar som gir kapasitetsauke og vil gje høgare driftskostnad. Samtidig bør moderne og effektive bygg og utstyr kunne gje eit effektiviseringspotensial på resultatet. Dette er forhold som må ha sterk fokus i styring og prioritering av investeringar, og kor HF'a i større grad må synliggjøre effektane ved val av investeringsløysingar.

For å gje eit bilde av korleis investeringsplanane i HF-a slår inn på resultatet er det her utarbeida tre ulike scenario. Scenaria under viser korleis auka avskrivingar og rentekostnad påverkar utviklinga i resultatet som følgje av ulike investeringsnivå. Utrekningane er ikkje fullstendige og presise, men gir likevel eit bilde av resultatkonsekvensar.

Investeringane legg band på den finansielle og det driftsmessige handlingsrommet i mange år framover. Scenaria er derfor skrivne fram til år 2020. Det er i alle scenaria føresett at investeringsnivået frå og med 2013 blir tilpassa kapitaltilskotet i basisramma og at ein ikkje lenger tar opp lån til investeringar. Det er vidare føresett ein rentesats på 5 %. Avskrivingane er berekna sjablongmessig på eit gjennomsnittsnivå og har derfor stor grad av unøyaktigkeit i seg. Samtidig gir scenaria ein peikepinn på korleis ulike investeringsnivå påverkar resultata i føretaksgruppa over tid.



I vedlegg 1 blir det gjort ei nærmare utgreiing av berekningane som ligg til grunn for dei ulike scenarioa.

4 Styring og prioritering av investeringar

Som ein ser av dei ulike scenaria får investeringane stor innverknad på resultata framover. Investeringsnivået blir såleis ein av dei viktigaste parametrane som vil påverke resultatet i tida framover.

Helse Vest vil etter at kapitaltilskotet er opptrappa fullt ut ha eit årleg tilskot på om lag kr 900 mill. I tillegg gjer den økonomiske ramma det mulig å ta opp lån inn til kr 200 mill og samstundes byggja ned langsiktig gjeld. Når dei store investeringsprosjekta er gjennomførte fram mot 2013 må Helse Vest ha som målsetting årlege investeringar ned mot eit nivå på om lag kr 1,1mrd.

Samtidig har Helse Vest fleire byggeprosjekt som allereie er satt i gang . Lab bygg i Helse Bergen og MOBA i Helse Stavanger er dei største prosjekta som er i gang. I tillegg er det fleire større prosjekt som det er behov for å realisere dei nærmaste 5 åra. Det er derfor viktig at det blir gjort ei stram prioritering av kva prosjekt som blir gjennomført og kva tid desse blir fasa inn. Det er også viktig å ta med i vurderinga kor mange prosjekt ein kan ha gåande samtidig med tanke på god styring og oppfølging av prosjekta.

Helseføretaka er i perioden fram mot 2013 inne i ein fase kor investeringsbehova toppar seg og det vil i denne perioden være nødvendig å ta opp lån for å gjennomføre investeringsprosjekta. Sidan ein i denne fasen investerer meir enn kapitalgrunnlaget tilseier er det viktig med ei stram styring og prioritering av prosjekta .

Av scenarioa over er det scenario 3 og 4 som over tid gjer ein positiv utvikling på kapitalkostnadene. Det er likevel scenario 4 som synast å vere mest realistisk med tanke å dekke investeringsbehovet i eit lengre tidsperspektiv. Dette inneberer eit årleg investeringsnivå på om lag kr 1,1 mrd. Dette scenariet gjer ein positiv resultatutvikling på sikt samtidig som ein og er i stand til å redusere langsiktig gjeld. Administrerande direktør tilrår at ein vel eit investeringsnivå i tråd med alternativ 4. Scenario 1 og 2 vil gje uforsvarleg høge kapitalkostnader i åra framover.

For å sikre at dei samla investeringsplanane blir styrt og prioritert innafor Helse Vest si driftsmessige ramme vil administrerande direktør foreslå at det blir sett ei øvre investeringsramme for kvart helseføretak.

Investeringsramma blir fordelt på følgjande kategoriar:

- Nybygg og bygningsmessige investeringar
- Medisinskteknisk utstyr (MTU)
- IKT (Helse Vest IKT AS)
- Andre investeringar (prosjekt som ikkje lar seg klassifiserast i ovannemnde kategoriar)

Helseføretaka må med basis i fastsett investeringsramme og i tråd med gjeldande investeringsprosedyre styre og prioritere investeringsprosjekta innafor fastsett ramme.

Styret i Helse Vest skal i medhald av investeringsprosedyren godkjenna investeringsprosjekt over kr 50 mill. Ein skal og etablera styringsdialog mellom HF og RHF-et. Under sak 125/06 B Organisering av eigedomsforvaltning og styring av investeringsprosjekt i Helse Vest vart det mellom anna vedtatt at ein skal etablera prosjektstyre for større investeringsprosjekt. Vedlagt denne saka følgjer oppdatert prosedyre for avgjerd om og gjennomføring av investeringsprosjekt i tråd med dette vedtaket. Administrerande direktør vil her tilrå at "større investeringsprosjekt" er dei prosjekta som overstig kr 50 mill.

Helse Vest vil komme opp med felles mandat og retningslinjer for oppnemning av prosjektstyre.

Investeringsprosjekt som ligg under terskelverdien på kr 50 mill skal ikkje behandlast av styret i Helse Vest. Ein må her stilla same høge krav til dokumentasjon av kost/nytte verdi. For alle byggeprosjekt skal ein synleggjera kva konsekvensar investeringa har på kapital og drift. I tillegg skal ein vise korleis prosjekta blir finansiert og korleis dette grip inn i den samla finansieringa av investeringsplanane. Det må utarbeidast investeringsanalyse for alle byggeprosjekt kor det blir sannsynleggjort dei økonomiske konsekvensar, kva tiltak som blir sett i verk, framdrift og effekt av tiltaka. Dersom investeringa medfører auka driftsutgift, skal det visast kva effektiviseringstiltak ein skal gjennomføra for å balansera drifta.

Når det gjeld MTU-investeringsar vil desse normalt ligge under terskelverdien på kr 50 mill. Det er i dag ingen regional styring og prioritering av desse investeringane med mindre prosjektet har ein direkte innverknad på regional funksjonsfordeling.

Problemstillinga rundt dette har blitt drøfta både i leiinga i Helse Vest og i AD møtet den 8. januar 2007. Det var einighet i AD møtet om at det blir utarbeid ei samla oversikt over status på medisinteknisk utstyr og investeringsbehov innafor MTU. Helse Vest vil sette i verk ei slik kartlegging i forkant av den årlege rapportering av investeringsprosjekt. Oversikta vil danne grunnlag for utarbeiding av ei overordna prioritieringsliste på kvart enkelt føretak og i regionen samla. Oversikten vil danne grunnlag for ein framtidig prioritering og styring av investeringar innafor MTU området.

5 Investeringsrammer budsjett 2007

Helseføretaka har i sine budsjett for 2007 samla planlagde investeringar på om lag kr 1,569 mrd. Investeringsbudsjetta fordeler seg som følger:

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	HV IKT	SUM
Nybygg og bygningsmessige investeringar	411 000	91 000	520 000	63 250		1 085 250
MTU	65 000	49 000	115 000	20 000		249 000
IKT					81000	81 000
Andre investeringar	5 000	8 000	22 000	10 000		45 000
SUM	481 000	148 000	657 000	93 250	81 000	1 460 250

Som ein ser er det særleg investeringar innafor nybygg og bygningsmessige investeringar som bidrar til det høge nivået.

5.1 Medisinteknisk utstyr

I investeringsbudsjettet for 2007 har helseføretaka meldt inn eit investeringsbehov på kr 250 mill. Dette er ein reduksjon i forhold til dei planane som blei meldt inn i haust. Det er Helse Stavanger og Helse Førde som har justert ned investeringsnivået på MTU. Investeringsnivå på kr 250 mill er likevel høgare enn investeringsnivået tidlegare år. I tabellen under blir det vist utvikling i MTU investeringar frå reformstart:

Tall i hele tusen	2002	2003	2004	2005	Estimat 2006	Budsjett 2007
Stavanger	37 226	66 593	48 027	57 589	35 854	65 000
Fonna	11 720	16 865	22 287	15 527	33 000	49 000
Bergen	78 950	76 051	126 011	99 399	110 000	115 000
Førde	23 792	36 800	24 003	18 469	37 900	20 000
SUM	151 688	196 309	220 328	190 984	216 754	249 000

Når det gjeld MTU investeringar vil det alltid vere vanskeleg å fastsette eit rett nivå på investeringane. Føretaka har ulik status på MTU parken og det vil her vere nødvendig å foreta ei avveging mellom kostnader knytt til nyinvesteringar og vedlikehald av gammalt utstyr. Det vil derfor vere heilt naudsynt å etablere ei samla oversikt over MTU parken for å kunne gjere desse vurderingane.

I påvente av at ein får utarbeidd ei samla oversikt over status MTU med tilhøyrande prioriteringsliste, vil administrerande direktør tilrå at investeringsramma for 2007 blir avgrensa til kr 200 mill. Dette tilsvarer investeringsnivået i 2006 justert ned med om lag 10 %. Sida ein ikkje har eit klart bilde av status på MTU parken vil ein her foreslå at inntil vidare blir nytta ein forenkla modell ved fastsetting av Investeringsramma for 2007. I oppfølginga av arbeidet med kartlegging av status MTU parken må ein utarbeida ein meir presis modell for styring og fastsetting av nivå på MTU investeringar.

Som ein forenkla tilnærming tilrår administrerande direktør å fordele øvre investeringsramme på MTU som eit gjennomsnitt av følgjande kriterium frå inntektssystemet:

- Basis somatikk
- Basis fordelt etter produksjon
- Kostnadskomponent somatikk

Fordelingsnøkkelen er vekta med basis i dei tala som ligg i inntektssystemet for 2007.

Dette gjer følgjande fordeling av investeringsramme MTU på helseføretaka:

Tall i hele tusen	Fordelings-nøkkel	Investerings-ramme MTU	Budsjett 2007	Reduksjon ift budsjett
Stavanger	26,5 %	53 000	65 000	-12 000
Fonna	15,3 %	31 000	49 000	-18 000
Bergen	47,4 %	95 000	115 000	-20 000
Førde	10,8 %	21 000	20 000	1 000
SUM	100,0 %	200 000	249 000	-49 000

Helseføretaka står likevel fritt til å omprioritere investeringsramma inn mot bygg og bygningsmessige investeringar dersom ein ser at det er behov for dette.

5.2 Nybygg og bygningsmessige investeringar

I budsjettet for 2007 er det i basisramma fordelt eit samla kapitaltilskot på kr 691,5 mill. Investeringsramma for MTU er føreslått avgrensa til kr 200 mill. Investeringar innan IKT området er lagt ut i Helse Vest IKT. Det samla investeringsnivået må likevel styrast innafor den finansielle ramma, og for å fastsette investeringsramma til det enkelte føretak er det derfor gjort eit uttrekk tilsvarande IKT investeringar. Utrekket er fordelt etter kapitalnøkkelen i inntektsmodellen. Helseføretaka vil da innafor basisramme for 2007 kunne handtere investeringar

til nybygg/bygningsmessige tiltak samt andre type investeringar for totalt kr 410,5 mill. Dette gjer følgjande fordeling av kapitaltilskot fordelt på hovudkategori:

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	SUM
Kapitaltilskudd - fordelt i basisrammen	192 495	108 136	312 176	78 727	691 534
Uttrekk IKT investeringar fordelt etter kapitalnøkkel	22 547	12 666	36 565	9 221	81 000
Kapitaltilskot til investeringar i HF'et	169 948	95 470	275 611	69 506	610 534
Investeringsramme MTU	53 000	31 000	95 000	21 000	200 000
Andre investeringar (budsjett HF'a)	5 000	8 000	22 000	10 000	45 000
Kapitaltilskot tilgjengeleg for nybygg og bygningsmessige investeringar	111 948	56 470	158 611	38 506	365 534

Helse- og Omsorgsdepartementet har no gitt signaler om at investerings- og låneregimet frå og med 2007 vil bli stramma inn og det vil ikkje lenger bli gitt ei generell låneramme til gjennomføring av investeringsprosjekt. Dei regionale helseføretaka må no søkje om lån på kvart enkelt prosjekt.

Styret i Helse Vest har vedtatt gjennomføring av 2 store investeringsprosjekt, MOBA ved Helse Stavanger på kr 280 mill og nytt laboratoriebygg ved Helse Bergen på kr 700 mill. Prosjektet MOBA vil bli ferdigstilt i 2007 medan nytt laboratoriebygg vil stå ferdig i 2008. Det er no viktig å sikre at desse prosjekta har tilstrekkeleg finansiering slik at dei blir ferdige i tråd med planen. I tillegg legg Helse Stavanger fram eiga sak om nytt prosjekt innan barne- og ungdomspsykiatri med ei kostnadssramme på kr 210 mill med eit lånbehov i 2007 på kr 100 mill. Det blir her vist til sak 016/07 B Forprosjekt BUPA Stavanger.

Administrerande direktør vil ut frå investeringsbehovet som ligg i HF'a tilrå at det blir søkt om lån på til saman kr 550 mill som tilsvarer same nivå som 2006. Det blir søkt om lån til dei prosjekta som allereie er satt i gang. I tillegg blir det søkt om lån til fleire investeringsprosjekt som føretaka har vurdert som viktige å gjennomføre men som det ikkje er finansielt grunnlag for utan at det blir tatt opp lån. I tabellen under er dei aktuelle prosjekta lista opp i prioritert rekkefølge. Prioriteringa er gjort i samråd med HF'a. Lånebehovet ved MOBA og nytt lab bygg er lågare enn sjølv investeringsaktiviteten i 2007 då låneramma frå 2006 finansierer ein del av aktiviteten i starten av 2007. Administrerande direktør vil her føreslå at det blir søkt om lånemidlar til følgjande prosjekt for 2007:

Lån 2007	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	SUM
MOBA	50 000				50 000
BUPA (egen sak)	100 000				100 000
Ferdigstilling av bygningsmessig arbeid og renovering Stord		35 000			35 000
Lab bygget Helse Bergen			140 000		140 000
Parkbygg			57 000		57 000
Sandviken			40 000		40 000
Hudbygg			10 000		10 000
Nordås og DPS Khronsminde			23 000		23 000
Kjøkkenprosjekt				18 000	18 000
Sluttfinansiering Påbygg 2000				6 000	6 000
Sum lånefinansiert investering	150 000	35 000	270 000	24 000	479 000

Det må takast atterhald for endelig lånetilsegn frå staten.

Helse Bergen gjennomfører mange prosjekt samtidig. Ein må no ha full fokus på styring og oppfølging av desse prosjekta og før det blir sett i gang fleire prosjekt.

Dersom det gjennom året viser seg at det behov for lånemidlar til andre prosjekt må dette takast opp med Helse Vest. Med utgangspunkt i styrebehandling og vedtak i Helse Vest sitt styre vil administrerande direktør søke om lån hos eigar.

Helseføretaka vil med ei låneramme på kr 479 mill vere i stand til å gjennomføre investeringar til nybygg og bygningsmessige investeringar fordelt som følgjer:

Nybygg og bygningsmessige investeringar	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	SUM
Finansiert med kapitaltilskot	111 948	56 470	158 611	38 506	365 534
Finansiert med lån 2007	150 000	35 000	270 000	24 000	479 000
Sum investeringsramme finansiert i 2007	261 948	91 470	428 611	62 506	844 534
Budsjett 2007	411 000	91 000	520 000	63 250	1 085 250

Helse Stavanger og Helse Bergen har budsjettet med investeringsaktivitet som er høgare enn finansieringsramma. Delar av dette skuldast at både MOBA og Lab bygget er delvis finansiert med lånemidlar frå 2006 og har derfor eit lågare lånebehov i 2007. Føretaka må prioritera i investeringsbudsjettet for å tilpasse seg den finansielle ramma.

5.3 IKT

Styring og gjennomføring av investeringar innafor IKT området er lagt ut til Helse Vest IKT. Den samla investeringsramma må handterast innafor avskrivingsmidlane som er innarbeida i prisingsmodellen mot helseføretaka. Helse Vest IKT har budsjettet med eit investeringsnivå på kr 81 mill for 2007. OMNI prosjektet (omstilling til ny organisering av IKT området) vil bli ferdigstilt nā i 2007. I beløpet på kr 81 mill inngår OMNI prosjektet med kr 12 mill. Prosjektet har til hensikt å samordne pasientsystem for betre samhandling lokalt, regionalt og nasjonalt. Det skal vidare legge grunnlag for felles administrative system og reduserte kostnader for parallel aktivitet innan IT området.

Administrererande direktør vil i 2007 gjennomføra ein prosess med Helse Vest IKT og HF'a og vil deretter foreslā framtidig nivå for IKT investeringar.

5.4 Andre investeringar

I denne kategorien ligg investeringar som ikkje lar seg klassifisera i dei andre kategoriene og omfattar mellom anna kjøretøy, diverse inventar og utstyr. Det er i denne saka ikkje gjort nokon vurdering av nivået som HF'a har budsjettet. Investeringsnivået i denne kategorien må ein sjå opp mot dei prioriteringane som blir gjort inn mot investeringar i nybygg og bygningsmessige tiltak. Dersom HF'a tar ned andre investeringar vil ein kunne frigjere midlar til nybygg og bygningsmessige investeringar.

Helseføretaka har i sine budsjett for 2007 følgjande investeringsnivå i denne kategorien:

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	SUM
Andre investeringar	5 000	8 000	22 000	10 000	45 000

5.5 Tilråding investeringsramme 2007

Helseføretaka må prioritera innafor gjeldande investeringsprosedyre og fastsett investeringsramme. Frå og med 2007 må føretaka søka om lån til enkeltprosjekt. Føretaka må i tillegg tilpasse investeringsnivået i tråd med tilgjengeleg finansielle midlar.

Administrerande direktør vil med utgangspunkt i denne saka foreslå at investeringsramma for 2007 blir avgrensa til følgjande beløp:

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Helse Vest IKT	SUM
Nybygg og bygningsmessige investeringar - finansiering i 2007	261 948	91 470	428 611	62 506		844 534
MTU	53 000	31 000	95 000	21 000		200 000
IKT					81 000	81 000
Andre investeringar	5 000	8 000	22 000	10 000		45 000
SUM investeringar	319 948	130 470	545 611	93 506	81 000	1 170 534

Vi må ta atterhald for tildeling av lån frå eigar. Dersom Helse Vest får tildelt eit lågare beløp til lån må helseføretaka gjera tilsvarende omprioritering av investeringsbudsjettet.

Gjenomføring av investeringsplanane føreset då følgjande finansieringsgrunnlag for 2007:

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Helse Vest IKT	SUM
Kapitaltilskot i basisramma	192 495	108 136	312 176	78 727		691 534
Uttrekk IKT investeringar fordelt etter kapitalnøkkel	-22 547	-12 666	-36 565	-9 221		-81 000
Opptak av investeringslån 2007	150 000	35 000	270 000	24 000		479 000
Investeringar IKT					81 000	81 000
Sum finansiering av investeringar 2007	319 948	130 470	545 611	93 506	81 000	1 170 534

Forslag til vedtak:

1. Dei årlege investeringsrammene bør over tid ikkje overstige det finansielle grunnlaget som følgjer av kapitaltilskotet og årleg låneramme på kr 200 mill. Dette inneber at investeringsnivået over tid ikkje må overstige om lag kr 1,1 mrd. årleg for konsernet samla.
2. I ein fase fram mot 2013 vil det være behov for å gjennomføre investeringar som overstig kapitalgrunnlaget og det er derfor nødvendig å ta opp lån. Helse Vest vil med basis i vedtatt prioritering söke eigar om lån til enkeltprosjekt
3. Styret setter følgjande øvre ramme for investeringar finansiert i 2007 fordelt på kategoriene under

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Helse Vest IKT	SUM
Nybygg og bygningsmessige investeringar - finansiering i 2007	261 948	91 470	428 611	62 506		844 534
MTU	53 000	31 000	95 000	21 000		200 000
IKT					81 000	81 000
Andre investeringar	5 000	8 000	22 000	10 000		45 000
SUM investeringar	319 948	130 470	545 611	93 506	81 000	1 170 534

Helseføretaka kan omprioritere investeringsramma på MTU og andre investeringar inn mot nybygg og bygningsmessige investeringar.

4. Helse Vest søker departementet om lån til prosjekta i tabellen under. Investeringsramma føreset at lånesøknadane blir godkjend. I motsatt fall må helseføretaka omprioritera investeringsramma. Helse Vest vil söke om lån til følgjande prosjekt:

Lån 2007	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	SUM
MOBA	50 000				50 000
BUPA (egen sak)	100 000				100 000
Ferdigstilling av bygningsmessig arbeid og renovering Stord		35 000			35 000
Lab bygget Helse Bergen			140 000		140 000
Parkbygg			57 000		57 000
Sandviken			40 000		40 000
Hudbygg			10 000		10 000
Nordås og DPS Khronsminde			23 000		23 000
Kjøkkenprosjekt				18 000	18 000
Sluttfinansiering Påbygg 2000				6 000	6 000
Sum lånefinansiert investering	150 000	35 000	270 000	24 000	479 000


VEDLEGG 1

Berekningsunderlag til scenario i saksframlegget

Scenario 1 – Investeringsplan til HF'a blir gjennomført i sin heilskap (rapportering august 2006)

I dette scenariet har ein tatt utgangspunkt i innrapportering av investeringsbehov frå føretaka som blei gjort i august 2006. Det er her føresett at Helse Vest kan ta opp lån hos staten slik at heile investeringsplanen kan gjennomførast.

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Sum investering	1 651	1 809	1 764	1 346	1 770	1 214	885	885	885	885	885	885	885	885
Herav MTU	360	432	375	350	301	310	310	310	310	310	310	310	310	310
Finansiering:														
Kapitaltilskot	685	752	818	885	885	885	885	885	885	885	885	885	885	885
Lån	966	1062	946	466	885	329	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum finansiering	1651	1814	1764	1351	1770	1214	885	885	885	885	885	885	885	885




Som ein ser av grafen ovanfor vil Helse Vest ikkje ha økonomisk bærekraft til å gjennomføre investeringsnivåa som er rapportert inn som behov. Sjølv om Helse Vest får tildelt tilstrekkeleg låneramme vil resultateffekten som følge av avskrivning og renter bli betydelig større enn kva drifta vil kunne dekke inn i form av effektiviseringar.

Scenario 2 – Investeringsplan tilpassast kapitaltilskot og ei låneramme på same nivå som i 2006

I scenario 2 er investeringsnivået redusert ned til eit nivå som er om lag som budsjettet i 2006, men med ei gradvis auke frå og med 2008 til 2010 som følgje av opptrapping i kapitaltilskot. Dette scenarioet føreset at ein forskyver ein del av investeringsprosjekta ut i tid. I tillegg er investeringsramma til MTU redusert til kr 300 mill. Det er vidare føresett at låneramma frå 2006 på kr 550 kan vidareførast fram til 2013. Deretter føreset ein at investeringane er tilpassa kapitaltilskotet vidare i perioden.

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
